



Etter adresseliste

Saksbehandlar, innvalstelefon

Bjarne Otnes, 71 25 85 75

## Melding om oppstart og høyring av utgreiingsprogram for marin verneplan for Griphølen og Remman - Kristiansund og Smøla kommunar Invitasjon til informasjonsmøte på nett

Fylkesmannen melder i samsvar med § 42 i naturmangfaldlova om oppstart av arbeidet med marin verneplan for Griphølen og Remman i Kristiansund og Smøla kommunar. Verneplanen skal innehalde ei konsekvensutgreiing, og eit utgreiingsprogram skal difor ligge til grunn for arbeidet.

Utkast til utgreiingsprogram ligg på: <https://www.fylkesmannen.no/nn/More-og-Romsdal/Hoyringar/>

Vi ber med dette om:

1. innspel til korleis verneforslaget med føresegner bør utformast.
2. merknader til utgreiingsprogrammet, dvs. til korleis verneplanarbeidet og utgreiingane bør gjennomførast.

**Frist for innspel og merknader er 30. juni 2020.** Send e-post til [fmmrpost@fylkesmannen.no](mailto:fmmrpost@fylkesmannen.no), ev. brev til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 Molde.

Det er vanleg praksis å gjennomføre opne informasjonsmøte ved melding om oppstart. Koronasituasjonen gjer at vi må halde dette på nett.

**Nettmøtet blir gjennomført torsdag 28. mai kl. 1900.**

Vi ber alle som ønskjer å delta på nettmøtet om å sende e-post til [bjarne.otnes@fylkesmannen.no](mailto:bjarne.otnes@fylkesmannen.no). Du vil då få tilsendt lenke til møtet. Det kan også vere aktuelt å tilby eit fåtal personar å delta frå videomøterom på rådhusa i kommunane, men dette vil vere ei «nødløysing» dersom nokon har vanskar med å delta i eigen regi. Ta i så fall kontakt på e-post, eller på telefon 71 25 85 75.

For informasjon om verneplanarbeidet og dei to områda viser vi til vedlagt utgreiingsprogram.

Med helsing

Linda Aaram (e.f.)  
direktør Miljøvern

Astrid Buset  
fagleiar



*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg (tilgjengeleg på nett):

- Adresseliste
- Utkast til utgreiingsprogram

Meir informasjon om marint vern:

<https://www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Miljo-og-klima/Verneomrade/marine-verneomrade/>